

# Skulestart

**A** begynne på skulen er ei av dei største opplevingane i livet! Dei ti komande åra kjem til å bli spennande og viktige år både for barnet og deg som forelder. Barnet ditt står framfor ein annan kvardag med meir fokus på læring og styrte aktivitetar. Det vert stilt større forventningar til barnet ditt. For ein 6-åring, er det ein stor overgang å innordne seg ein meir strukturert kvardag. Som forelder gjer du deg kanskje tankar om korleis barnet ditt vil klare overgangen til skulen. Vil barnet mitt klare å sitte i ro, følgje med i timen eller knekke lesekode? Vil barnet mitt trivast?

### Positivt og nært samarbeid med skulen

**A** ha ei positiv haldning til skulen i samvær med barnet, er det viktigaste du kan gjere. Opplever du at barnet ditt ikkje trivast, vert krenka i skulen eller synest det faglege er vanskeleg, er det svært viktig at du tar tek dette opp med kontaktlærer. De kan då saman sjå på løysingar til det beste for barnet.

### Ros og oppmuntring

**B**arnet ditt treng mykje positiv merksemd og motivasjon for å meistre skulekvardagen. Tenk på kva du sjølv vert motivert av. Er det formaning og påpeiking av manglande innsats, eller ros for det du meistar? Å sjå kva barnet treng og tilpasse krava dine etter dette, kan gje barnet større motivasjon for

innsats. Når barnet er trygg på at du støttar det, gir det rom for meistring og ei positiv utvikling.

### Foreldre og klasse miljø

**S**om forelder i skulen, vil du også ha eit forhold til andre foreldre i den klassen barnet går. At foreldra kjenner kvarandre vil også vere viktig for korleis barnet ditt utviklar seg fagleg og sosialt. Når du deltek på skulen sine arrangement, er med som frivillig eller stiller på dugnad, gir det eit signal til barnet ditt om at skulen er viktig.

### Tips til deg som støttespelar for barnet ditt:

- Spør barnet om korleis det har det på skulen.
- Gje uttrykk for at skulen er bra og viktig.
- Ta kontakt med kontaktlærer om det skulle vere noko.
- Vis interesse for skulearbeidet ved å orientere deg om vekeplanar og andre beskjedar.
- Ver ein støttespelar i leksearbeidet.
- Ver raus i å gje barnet ros og oppmuntring.
- Syt for at barnet kjem presis til skulestart, og har med seg det det treng av skulebøker, mat og klede.

### Reflekter saman

- Kva er viktig for deg når barnet ditt er 1.klassing?
- Kva kan du gjere for å skape eit godt samarbeid med skulen?
- Korleis kan du prioritere tid, og vere ein støttespelar for barnet ditt i leksearbeidet?
- Korleis kan du gje barnet ditt motivasjon for skulen?

